



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

rovviltnemnda region 1(epost)

Dykkar ref:

Vår ref.:
2013/886

Arkivnr.:
433.52

Dato:
22.05.2013

Innkalling til møte i rovviltnemnda region 1

Det blir møte i rovviltnemnda region 1 på Statens hus i Bergen 29. mai 2013. Før ordinært møte kl 10.30 blir det høve for organisasjonane å legge fram innspel til nemnda frå kl 10.00. Innkallinga blir berre sendt eletronisk. Den blir og lagt ut på våre heimesider www.fylkesmannen.no/rogaland og på sharepointsidane til rovviltnemndene.

Vi ber om at ordinære medlemmar som ikkje kan møte gjer beskjed til sekretariatet så snart som råd slik at vararepresentantar kan få tidleg beskjed.

Sakliste:

05/13: Orientering om bestandstatus for rovviltartane før beitesesongen ved SNO

06/13: Vedtak om kvote for betinga skadefelling av bjørn, ulv, gaupe og jerv i perioden 1. juni til 15. februar.

07/13: Forslag om kvotefri felling av gaupe og jerv i regionar utan forvaltningsmål, jf sak 03/13.

08/13: Ymse orienteringar

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavingdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralv.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Vedlegg:

Saksutgreiing frå sekretariatet

Forslag til brev om kvotefri felling av jerv og gaupe

Kopi pr epost med vedlegg:

Fylkesmannen i Vest-Agder

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Birger Aasland, her

Mattilsynet region Rogaland og Agder

Mattilsynet region Hordaland og Sogn og Fjordane

SNO, ved Rein Arne Golf

SNO ved Jon Erling Skåtan

Merethe Støfring, Sogn og Fjordane bondelag

Saksframlegg frå sekretariatet

05/13: Orientering om bestandstatus for rovviltartane før beitesesongen ved SNO

Rein Arne Golf orienterer.

06/13: Fastsetting av kvote for betinga skadefelling i Region 1 for perioden 01.06.2013 – 15.02.2014.

Saksopplysningar

Etter forskrift om forvaltning av av rovvilt §8 skal rovviltnemnda fastsette kvote for betinga skadefelling av jerv, bjørn, gaupe og ulv til fylkesmannen. Ei føresetnad er at vilkåra i §7 er oppfylte. Løyva kan nyttast i akutte skadesituasjonar for å hindre skade på bufe. Løyva kan nyttast i tidsrommet 01.06.2013-15.02.2014.

Vilkåra i §7 er i dette høvet krav om at vedtaket bygger på bestandsdata frå nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt. For bjørn og ulv skal nemnda ta utgangspunkt i siste års yngling. For jerv og gaupe skal ein bygga på gjennomsnitt av dokumenterte data om ynglingar dei siste 3 åra. For Region 1, som ikkje har nasjonale mål om årlege ynglingar for nokon av desse artane, er desse måla ikkje avgrensande for nemnda sitt høve til å treffe vedtak om felling. §7 legg til grunn at nemnda følgjer forvaltningsplanen i sine vedtak, til dømes om felling. Kunnskap om rovviltartane og om skadesituasjonen skal og ligge til grunn for vedtak. Etter vedtak om kvote skal all irregulær avgang av rovvilt belastast den same kvota.

Rovviltnemnda sitt vedtak etter §8 er eit einskildvedtak som kan påklagast til MD innan 3 veker frå vedtaket er gjort kjend. Fylkesmennene sine vedtak om iverksetting av betinga skadefellingsløyver kan og påklagast. DN er klageinstansen i desse høva.

Jerv

Nemnda vedtok ei kvote på 5 jervar i regionen til lisensfellingsperioden 2012/2013. Av 57 felte jervar i lisensfellingsperioden i landet blei ingen blei felte i region 1. Etter lisensfellingsperioden 15.02 er det pr 21.05.2013 tatt ut 3 hannar og 1 tisper i Luster kommune på ekstraordinært vedtak om skadefelling i regi av SNO. Det er minst 2 dyr (ein av kvart kjønn) som har vore innom Sogn i år og som framleis er i live. Det er stadfesta gjennom DNA-analyse. I Suldal i Rogaland er det funne spor av jerv seinast 03.04.2013. Det er truleg individ 240, som har vore i området med jamne mellomrom sidan 2007.

Tabellen under syner dokumenterte/antatte ynglingar i landet siste 3 år.


| Noreg | 2010 | 2011 | 2012 |
|---------------------|------|------|------|
| Overlevande ynglehi | 54 | 49 | 51 |
| hiuttak | 12 | 9 | 17 |

Nasjonalt mål for ynglande jerv er 39 pr år. Så langt i år er det dokumentert/antatt 32 ynglingar av jerv i landet. 4 av dei er i Oppland. 2 av ynglingane i Oppland er 50-60 km frå grensa mot Sogn. Pr i dag er bestanden over nasjonalt mål for jerv.

Gaupe

Det blei felt 4 gauper i jaktperioden i Vest-Agder i 2013. Jaktperioden var i februar og mars, og det var kvotefri jakt i heile regionen. Gaupe finst truleg spreidd i alle fylka i regionen.

I landet blei det i år felt 77 gauper i kvotejakta i 2013. Av desse var 27 hoer. Nasjonalt mål er 65 årlege ynglingar i landet. Prognosen for bestandstorleik i landet før jakt i 2014 under er basert på at tal familiegrupper før jakt i år er om lag på samme nivå som i fjor (69). Figuren under syner at det er sannsynleg at bestanden før neste jaktseong vil ligge over eller om lag på line med nasjonalt mål.



Figur 9. Prognose for antall familiegrupper på landsbasis før jakta i 2014 gitt tre ulike senarioer for uttak av voksne hunndyr under jakta i 2013 (henholdsvis 15, 30 og 45 voksne hunndyr). Sannsynligheten for å falle under bestandsmålet på 65 er hhv 15 %, 34 % og 58 % for de tre senarioene. Punkttestimatene (sort prikk) er hhv 79, 70 og 62 familiegrupper. Orange strek angir 50 % CI og sort strek angir 75 % CI. Stiplet horisontal linje angir bestandsmålet på 65 familiegrupper (NINA Rapport 859)

Ulv og bjørn

I år er det felt ulv i både Lardal i Vestfold og Drangedal i Telemark. Begge har vore innom Agderfylka tidlegare. I 2013 er det identifisert 1 ytterligare ulv ved hjelp av DNA i Froland, Aust-Agder, ingen i region 1.

I 2012 blei det bekrefta 5 ynglingar av ulv i territoriar felles med Sverige, i tillegg til 3 reine norske ynglingar. 3 heilnorske ynglingar tilsvarar nasjonalt bestandsmål for ulv. Svært mange av alfadyra (hannar og tisper som yngler) har forsvunne i Noreg dei siste 3 åra, heile 8 av 13. Truleg er årsaka ulovleg felling. 64-77 ulvar er stadfesta i Noreg så langt i sesongen.

Det er ikkje dokumentert førekomst av bjørn i region 1 i år. I landet blei det frå DNA påvist 137 (51 binner) ulike bjørnar i landet i 2012, ei nedgong frå 151 i 2011. Truleg representerer desse funna mellom 6 og 7 ynglingar (Bioforsk rapport nr 47, 2013). Det er langt frå det norske bestandsmålet på 13 (15) årlege ynglingar, jf rovviltforliket i 2011.

Erstatning for rovvilttap

Erstatningsoppgjeret for tap av bufe til rovvilt syner desse tala i form av tal tapte sau og lam som det er utbetalt erstatning for etter beitesesongen 2012, til saman 792 dyr:

| | Gaupe | Jerv | Bjørn | Ulv | Kongeørn | Uspesifisert |
|------------------|-------|------|-------|-----|----------|--------------|
| Sogn og Fjordane | 24 | 34 | 0 | 0 | 56 | 46 |
| Rogaland | 0 | 44 | 0 | 0 | 81 | 0 |
| Hordaland | 0 | 0 | 0 | 0 | 37 | 0 |
| Vest-Agder | 0 | 0 | 0 | 405 | 53 | 13 |
| Totalt | 24 | 77 | 0 | 405 | 227 | 59 |

Vurdering

Ekstrarordinært uttak av jerv i Sogn og Fjordane har vore høgt i år, og tilsvarar nesten restkvota etter lisensfellingsperioden. Likevel står det att minst to dyr som truleg opererer i grenseområda mellom Sogn og Oppland. 1 hannjerv er framleis stabil i området Aust-Agder, Hordaland og Rogaland.

Bestandsstorleiken for landet målt i årlege ynglingar er over det nasjonale målet. Bestandssituasjonen for den Vest-norske delbestanden er likevel bekymringsfull på grunn av stor avskyting og relativ isolasjon frå jervområda i nord og aust. Det vil framleis vere naudsynt å ha ei kvote for betinga skadefelling. Vi foreslår ei kvote på 4 dyr som i fjor. Lisensfelling skal vere viktigaste reidskap for bestandsregulering. Kunnskap og interesse for lisensfelling bør prioritarast høgt.

Det vil og vere rett å ha ei kvote for å sikre raskt uttak av gaupe, dersom det er fare for skade og det er høve for det. Vi foreslår ei kvote på 2 gauper som i fjor.

Vi vil foreslå ein kvote på 3 ulvar og 1 bjørn. Ulvebestanden er særleg utsett i høve til innavlsproblematikk. Det er difor viktig å vere så trygg som råd på at førekomst av ulv ikkje er genetisk viktige individ før vedtak om felling. Bjørneførestane er få i vår region, og bestanden er langt under målet. Vi meiner difor kvote på 1 dyr er tilstrekkeleg.

Oppdatert kunnskap om bestandane frå SNO og rapport om bestandsstatus frå Rovdata bør og vurderast i høve til kvotefastsettinga på møtet. Rovdata skal rapportere samla status for rovviltartane pr 15. mai, men så langt er den ikkje tilgjengeleg.

Alle offentlege saker som vedkjem naturmangfaldet skal vurderast opp mot naturmangfaldlova §§8-12 før vedtak, jf §7.

§8 Kunnskapsgrunnlaget er særst godt når det gjeld dei norske rovviltbestandane. Vurderingane over har tatt utgangspunkt i bestandsstatus for alle dei 4 rovpattedyra på nasjonalt nivå. Kvoteforslaga er ikkje – målt etter dei nasjonalt fastsette bestandsmåla – trugsmål mot langsiktig overleving. Våre vurderingar tar likevel høgde for at heile region 1 er prioritert til beiteføremål etter prinsippet om differensiert forvaltning. Forslaga om kvote er

skjønnsmessig basert på ei realistisk vurdering av behov for uttak i ytterste konsekvens, samstundes som at dei ikkje representerer ei utfordring i høve til ei langsiktig overleving.

§9 Føre-var-prinsippet kjem i avgrensa grad til anvending her. Det er likevel eit spørsmål om Region 3 sin del av det nasjonale målet for jerv kan bli vanskeleg å oppnå med å legge til rette for yngling opp mot Sogn. Jervar frå vest-Oppland vil etter røynslene ofte trekke vestover, der dei risikerer å bli felte. Det er elles viktig at fylkesmennene nyttar føre-var-prinsippet ved vedtak om felling, til dømes når det gjeld viktige individar av ulv.

§10 Økosystemtilnærming og samla belastning er vurdert ved fastsetting av den overordna rovviltpolitikken. Kvoteforslaga fører ikkje til endringar i dette.

§11 og 12 er ikkje relevante vurderingstema i dette høvet.

Framlegg til vedtak

I perioden 01.06.2011 til 15.02.2012 kan fylkesmennene i Region 1 nytte desse kvotene for betinga skadefelling:

| Art | Tal |
|------------|------------|
| Ulv | 3 |
| Bjørn | 1 |
| Gaupe | 2 |
| Jerv | 4 |

Nemnda kan til ein kvar tid trekke kvotene tilbake dersom ny kunnskap gjer det naudsynt.

Iverksetting av løyva skal vere i samsvar med gjeldande forskrifter og forvaltingsplanen for regionen.

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedteket er motteke. Klagen skal handsamast av Miljøverndepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

07/13: Forslag om kvotefri felling av gaupe og jerv i regionar utan forvaltningsmål, jf sak 03/13.

Sjå vedlagt forslag til brev.

08/13: Ymse orienteringar

MD si avgjerd i klagesak av 26.04.2013